



Revolverkanona er eit spanande historisk objekt og her vert ho studert og fotografert av ein militærdelegasjon i 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Revolverkanona ved Sandakaien er eit svært spesielt og verdfullt historisk minne. Det får ein også inntrykk av gjennom eit brev som kommandørkaptein og sjef for Marinemuseet Hans Petter Oset har sendt til kulturkontoret i kommunen.

Det konkluderer med at kommunen skal påta seg ansvaret for utlånet av kanona eller aktivt bidra til at den blir overteke av eit lokalt eller regionalt museum

Kanona vart i 1985 registrert inn i Marinemuseets samling. Etter at museet på denne måten har hevda eigendomsrett til objektet på vegner av Staten ville det normale vera å formalisera dette gjennom eit utlån frå museet til kommunen, eventuelt til eit museum, ein forening eller i unntakstilfeller ein privatperson som da stod som ansvarleg låntakar/deponent.

Dette kan ikkje kommandørkapteinen se er gjort og ynskjer difor å fylgje opp saka. I tillegg til forvaltningskontroll med museet sine museale gjenstandar heng dette også saman med at kanona utifrå sin kaliber og produksjonsår faktisk er klassifisert som "moderne skytevåpen". I tillegg til å stå i Marinemuseet sitt register skal det difor også stå i Forsvarets Våpenregister, der også politiet har tilgang.

Oset strekar under at Marinemuseet ikkje har noko ynskje om å trekke kanona tilbake og ser for seg ein rutinemessig fornying av utlånet kvart femte år.

Hvis ein derimot ikkje kjem fram til ei tilfredsstillande utlånsavtale, vil Marinemuseet truleg måtte gå til skritt med sikte på ein inntrekking av objektet, trugar kommandørkapteinen.



Revolverkanona har denne påskrifta. (Foto: Ola Matti Mathisen)